



Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/3126 - 21/86632

Saksbehandlar:
Madeleine Fonnes Aase
madeleine.fonnes.aase@alver.kommune.no

Dato:
03.01.2022

Svar på førespurnad om veg - gbnr 484/29 Haukeland søndre

Viser til førespurnad om veg til fritidsbustad.

Spørsmålet er om fritidsbustad på gbnr. 484/29 kan nytte landbruksveg på gbnr. 484/7 som tilkomst. Ut i frå vedtak om landbruksveg saksnr. 19/746 er landbruksveg lovleg etablert. Eit av vilkåra for at ein veg skal kunne vere ein landbruksveg er at 50 prosent eller meir av vegen skal nyttast i landbruket. Det går fram av vedtaket at vegen skal ha delt bruk i landbruket og til fritidsbustader i området.

På bakgrunn av det kan ikkje avdeling Miljø og tilsyn sjå at tilkomstvegen er ulovleg, og blir difor ikkje fulgt opp som ein ulovlegheit.

Når det gjeld tilkomst/avkjørsle frå landbruksveg til fritidsbustad er dette eit søknadspliktig tiltak etter plan -og bygningslova. Vi kan ikkje sjå at det er godkjent ein slik avstikkar i våre arkiv. På bakgrunn av det er ein eventuell veg frå landbruksveg til fritidsbustad å sjå på som ein ulovlegheit, med mindre tiltaket vert søkt om – og godkjent av avdeling Plan og byggesak.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Madeleine Fonnes Aase
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.